


# Pressepolitisk notat

## frå Landslaget for lokalaviser (LLA)

Høring i Transport- og kommunikasjonskomiteen, 18. oktober 2023



Rundt 230 aviser totalt i Norge, 145 fådagarsaviser inkludert 60 vekeaviser. 110 i LLA-familien

# Vidareføring av støtte til distribusjon viktig for lokalavisene.

## Papiravisa finansierer journalistikk og digital satsing

Grunnlova § 100:

*Ytringsfridom skal det vere ...*

*Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte.*

Lokalavisene er grunnfjellet i mediemangfaldet og er viktigare enn nokon gong. Pandemien viste til fulle kor viktig lokalavisene landet rundt er for informasjon til innbyggerane. Vi har nettopp lagt bak oss eit lokalval der lokalavisene har vore avgjerande viktig for å få fram partia sin politikk, personane som stilte til val, forskjellar og slik motivere til å bruke stemmeretten. Lokalavisene leverte journalistikk før og under valet på papir, digitalt og ikkje minst gjennom meir levande bilete. Med andre ord; lokalavisene viser heile tida at dei er eitt av fundamenta i eit levande lokaldemokrati.

Media i vårt land, også dei fleste lokalaviser, ligg fremst i digitalisering og ikkje minst brukarinntekter samanlikna med andre land. Men papiravisene landet rundt er framleis heilt avgjerande for å finansiere journalistikken og digitalisering. Det er slik medie-økonomien fungerer i ei tid der globale gigantar, utan samfunnsoppdrag å ta omsyn til eller journalistar på løningslista, tar mesteparten av annonseinntektene digitalt der volum betyr alt.

For at lokalavisene skal klare å løyse samfunnsoppdraget må journalistikken kome fram til mottakar. Posten reduserte frekvens i 2020, på ein måte som gjorde at dei ikkje kunne løyse behovet for avisene. Dette er spesielt ei utfordring for alle lokalavisene der mange har mesteparten av abonnentane sine der det ikkje er ordinær avisdistribusjon.

Kompensasjonsordninga med anbod frå juli 2020 var avgjerande viktig.

Vi set stor pris på forståing og den støtte vekslende regjeringar og Stortinget har vist oss.

Vi er og svært glade for at samferdselsdepartementet nyleg har presentert ei vidareføring med nytt anbod frå juli 2024 som tilfredsstillar det behovet lokalavisene har. Vi har fått informasjon om at alle skal få papiravisa uansett kor i landet dei bur.

**Nok ein gong; Takk til alle dykk i komiteen som har medverka til at dette.**

Nytt og viktig.: Distribusjonsbru frå april til og med juni

Vi må be om ei særskild viktig ekstra teneste for at vi skal kome oss heilskinna fram til eit nytt anbod. Amedia distribusjon har nyleg informert lokalaviser i store deler av landet om at dei legg ned distribusjonsruter utanom større byar. Mange lokalaviser står dermed utan distribusjon frå april til det nye anbudet trer i kraft i juli 2024. For å seie det på samferdselspråket: Vi treng ei *bru* fram til det nye anbudet. Det gjeld tre månader, og LLA har fått informasjon om at kostnaden for å kjøpe denne tenesta hos Posten er kalkulert til ca. 11,5 millionar kroner. Vi ber om støtte til dette ved å auka ramma til kjøp av posttenester med tilsvarende beløp. Posten viser vilje til å finne ei løysing, men det krevst pengar.

Samnlikna med sjølve anbudet er det ikkje så mykje, men det kjem i tillegg og må løysast no. RNB er for seint. Det er krevjande nok frå før for lokalavisene med stor kostnadsvekst, noko og innbyggerane strevar med. Det er avgjerande viktig å ta vare på dei abonnentane vi har.

Det unike mediemangfaldet i Norge er ikkje sjølvsgatt, gode rammevilkår er ein av føresetnadane!

### Kontaktopplysninger:

Rune Hetland

pressepolitisk rådgjevar i Landslaget for lokalaviser

rune@lla.no

telefon 452 89 444